

tema

Fengselsarbeid - ei utfordring også for den lokale kyrkjelyd.



AV JARLE KLUNGREHAUG
FENGSELSDIAKON I INDRE-
MISJONSSKAPET

I overkant av 2.700 personar sit i norske fengsel fordelt på 56 anstaltar spreidd over heile landet. Mange av dei innsette har ei gudstru, men dei ferraste har funne sin plass i ein kristen kyrkjelyd. I denne artikkelen ønskjer eg å rette søkjelyset på kva behov og problem mange av dei innsette og deira familie har, og kva utfordringar dette gjev for den lokale kyrkjelyd. Med fengselsarbeid tenkjer eg her ikkje berre på arbeid inne i fengsla, men også på arbeid etter lauslatinga, i den lokale kyrkjelyden.

Situasjonen i fengselet.

Når vi snakkar om fengsel, er det ulike typar fengsel med ulike soningsforhold. Vi har landsfengsel, krets-fengsel, hjelpefengsel og arbeidsleirar. Over 30 % av dei innsette sonar på open avdeling. Den klassiske gangen gjennom fengselssystemet er fengsling, varetekt, dom, soning på lukka anstalt, deretter open anstalt, frigang (dvs ein har arbeid/skulegang utanfor murane og bur i fengselet) og ev. sikring etter lauslating. Det er mange avvik frå den klassiske gangen. Har nokon på open avdeling til dømes rusa seg under permisjon, åkar dei inn att på lukka avdeling.

I prinsippet skal alle fangar ha tilbod om å delta på arbeid eller skulegang. I praksis er det ikkje alle som får eit slikt tilbod pga for liten kapasitet. Kun dei største anstaltane har sosialkonsulentar, prest og fengselssjukehus. Fangane har rett til medisinsk behandling utanfor murane når det er naudsynt, men i forhold til psykiske lidningar sviktar hjelpeapparatet. Først når 1/3 av domen er sona, er det høve til å få permisjonar. Elles har dei fleste besøkstid berre 1 time pr veke. Det er begrensningar i tida ein kan ringe ut. Alle brev ut og inn vert gjennomlest. Varetektstida er den vanskelegaste tida for dei innsette. Dei med brev- og besøksforbod sit 23 timar i døgnet

på cella med maks 1 time lufting pr døgn og vert isolerte i forhold til andre fangar. Gjennomsnittleg tid i varetekt er 3 månader, men det finst eksempel på fangar som har vore nesten 2 år i varetekt.

Konsekvensar av fengsling.


Når ein les enkelte media og høyrer politikarar som set situasjonen for innsette opp mot einersituasjonen i eldreomsorga, kan ein få inntrykk av at innsette i norske fengsel lever eit liv i "luksus" og har det rimeleg feitt. Røynda opplevest heilt annleis for dei som sit der.

Av dei som sit i fengsel, hamnar over 80 % innanfor murane igjen etter lauslating. Denne høge tilbakefallsprosenten har fleire årsaker.

I fengsel vert ein totalt institusjonalisert. Heile kvardagen vert styrt av andre. Den innsette får ikkje bestemme når dei skal stå opp, når og kva dei skal ete, kvar dei kan gå, osv. Det er låste dører, grenser og reglar for alt. For mange som går ei tid innanfor eit slikt totalt system, vert det vanskeleg å plutsleg skulle forholde seg til livet ute utan desse grensene.

"Soning i fengsel er ille, men varetektstida er eit helvete" var det ein av dei intervjuja frå boka "Varetektsfanger forteller" som uttalte. Over 95 % av varetektsfangar får problem av varierende grad som apati, angst, søvnvanskar, depresjonar, fobiar og raserianfall. Isolasjon forsterkar ofte vanskanene, og i tillegg kjem uvissa; kor lenge vert eg sitjande her, kva skjer i saka mi, korleis har dei næraste det ute, er spørsmål som dukkar opp. Over 60 % får medisiner for psykiske problem og søvnvanskar under varetektstida.

Mange av dei innsette slit med rusvanskar (over 60%). Dei ferraste får løyst dette problemet under soninga. Enkelte får hjelp gjennom at siste tida av soninga skjer i ein behandlingsinstitusjon, men desverre ofte også utan at varige endringar av åtfærd skjer. Forklaringa på at rusproblemet er så vanskeleg å få bukt med, er sjølvsagt at årsakene til at ein har begynt med rusmiddel ofte er så samansette og mange. Dersom ikkje desse faktorane i livet vert



tema

gjort noko med, vert det vanskeleg å få gjort noko med rusen. I tillegg er den psykiske og fysiske avhengigheita av rusmiddelet vankeleg å bli kvitt.

Nærare 40 % av dei innsette var i arbeid då fengslinga skjedde. Mange av desse misser arbeidet i samband med fengslinga. Det får ofte drastiske tilleggskonsekvensar som tap av husvere. Ein har ikkje lenger råd til å betale for seg og får heller ikkje økonomisk støtte til å greie det. Resultatet vert at alt for mange står utan arbeid og bustad etter endt soning. Nærare 40 % lever i parforhold og har barn. Konsekvensar for ektefeller med barn er ofte drastiske. Dei får ikkje støtte frå trygde- eller sosialkontor som følge av tapte inntekter utan at dei skiller seg. Mange barn opplever å måtte flytte frå heimane sine som følge av at fedre vert sett i fengsel. Tap av leikekameratar, skifte av bumiljø og trangare økonomi kjem i tillegg til det traumet det er at far eller mor har utført eit brotsverk som fører til fengsel og broten kontakt.

Mange pårørande, då er det snakk om både foreldre, søsken, ektefeller/sambuarar, barn og andre slektningar, opplever naturlege sorgreaksjonar etter ei fengsling. I tillegg opplever mange fordøming frå nærmiljøet og stigmatisering i møte med det offentlege. Myten om at kriminelle kjem frå dårlege heimar lever framleis, til stor sorg for mange pårørande. "Straffa byrjar først den dagen du skal ut. Du vert ikkje kvitt rullebladet ditt." Dette er ei gjengs oppleving for mange innsette den dagen lauslatinga kjem. For menneske som har gjort feilsteg og brotsverk som fører til fengsel, som har sona straffa og såleis gjort opp for seg, er det ikkje lett å få ein ny start. Ein møter mange hindringar. Angst for det ukjente kombinert med mistru fører til at mange ikkje vil ha noko med tidlegare innsette å gjere. "Det er klart tidlegare innsette må få ein plass å bu, men ikkje i mitt hus/ i min leiegård!" Dette er utsegn og haldningar eg stadig møter i arbeidet med å skaffe ny hybel til innsette. Alternativet for mange vert å få plass i kommunale husvere og hybelhus, som samtidig vert "ghettoar" av sosialklientar og folk med rusproblem, ikkje akkurat lettaste miljø å begynne eit nytt liv i.

Manglande utdanning og arbeidserfaring kombinert med rulleblad er eit svært dårleg utgangspunkt når ein søker arbeid, og oftast hamnar ein bakerst i køen.


Mange har gudstru.

Det vil kanskje overraske nokon at vi finn mange innanfor murane som uttalar at dei trur på Gud og reknar seg for å vere kristne. Men dei ferraste har kontakt eller er aktive i nokon kyrkjelyd eller forening ute. Hovudårsaka til det er at dei ikkje kjenner så mange i slike miljø, og mange opplever kyrkjelydar og kristne som hykleriske og fordømande. Kyrkjelyden og kulturen der er ikkje ein stad dei kjenner seg heime.

For alle som er aktive i kyrkjelydar, er det grunn til å gå i seg sjølv og tenkje etter kva bilete vi gjev av oss sjølve for omverda som ikkje kjenner oss. Mange utanfrå opplever oss som besteborgarlege og sjølv gode med stivbeinte møteformer. Vågar vi å vise fram dei svake sidene våre og kaste maska? Kyrkjelyden er eit fellesskap av tilgjevne syndarar, men det er ikkje alltid det vi kommuniserer utad. Korleis møter vi nye som kjem til gudsteneste, med varme og opne hender eller kulde og neglisjering?

Tilbod i fengsla.

Det er mange aktørar som har kome på bana siste åra og som ønskjer å engasjere seg i fengselsarbeid. Dette gjeld stort sett frivillige organisasjonar og frikyrkjelydar. Det er positivt og noko det absolutt er behov for. Desverre er det mindre engasjement frå lokale kyrkjelydar i Den norske kyrkja. Det finst heiderlege unnatak som til dømes Hamar menighet, som er engasjert i BARM-Senteret, Skaarer menighet i Haugesund og prostidiakonen i Vest-Telemark, som i fleire år har hatt arbeid retta mot ein arbeidsleir i distriktet. Utan å påstå å ha full oversikt, er konklusjonen at lokalkyrkjelydane på landsbasis i liten grad er på bana. Det finst enkeltmenneske som engasjerer seg og gjer ein stor innsats, utan at det er organisert i ein større samanheng. I tillegg veit vi at det



tema

berre er 25 % av anstaltane som har tilsett prest, slett ikkje alle i full stilling heller.

Av aktivitetar som dei frivillige bidrar med kan nemnast; møter og samlingar, samtale-/ bibelgrupper, besøksteneste, kulturkveldar, festar/konsertar, turar og blandakor. Det er mange ting som kan gjerast, sjølv om fengselsreglementet set klare grenser. Der det er fengselsprestar, er prestane koordinator for alle desse aktivitetane.

I fengsel som manglar kyrkjeleg stilling, vert tilbodet meir sporadisk. Dette er ei stor utfordring for lokale kyrkjelydar som har fengsel innan sitt sokn. Dei innsette set stor pris på kontakten med dei frivillige utanifrå. Det som gjer mest inntrykk, er at dei møter folk som bryr seg og viser interesse for deira situasjon. Mange uttrykkjer at det er godt å kunne snakke "normalt" med "vanlege folk", i fengselet går det mykje i samtaler om dop, brekk og kvinnfolk. Møta i fengselet vert eit kjærkome avbrekk frå livet på cella og eit høve til å møte andre. Forkynninga og høvet til fellesskap er også viktig. Vi høyrer stadig om innsette som får eit møte med Jesus og vert kristne innanfor murane. Deira tru treng også næring og vekst.

Utfordring i kyrkjelyden.

Mange av dei frivillige eg har vore i kontakt med, opplever det som eit problem at dei ikkje vågar å invitere dei innsette til deira kyrkjelyd/forening med tanke på når dei kjem ut. Dei fryktar at eksfangane vil få kultursjokk og ikkje føle seg velkomne. Det er for mykje angst for det ukjente og kulde i kyrkjelyden. I tillegg slit mange av dei innsette med store rusvanskar og har mange ulike problem. Vert det for vanskeleg å følgje dei opp?

Desverre har dei frivillige ofte rett i si vurdering av situasjonen. Men situasjonen er at dei fleste kyrkjelydar allereie har tidlegare innsette buande i sin kyrkjelyd. Ein ser dei berre ikkje eller gjer noko med det. Dette er ei stor utfordring.

Det har tidlegare vore påpeika at behovet for hjelp og støtte er størst den dagen den innsette skal ut. Mykje av årsaka til den store tilbakefallsprosenten


ligg i at ettervernet ikkje berre sviktar, men også er totalt fråverande. Det offentlege hjelpeapparatet greier ikkje

ettervernsarbeidet åleine. Det trengst frivillige som kan supplere og i kyrkjelydane er det mange av dei.

Dersom ein kyrkjelyd ønskjer å starte oppfølgingsarbeid i forhold til tidlegare innsette, er det ein føresetnad å etablere kontakt. Den mest naturlege staden er gjennom møte inne i fengselet medan dei enno sit inne. Ein kan ikkje forvente at innsette skal oppsøke kyrkjelyden når ikkje kyrkjelyden oppsøker dei og kjenner dei. Alternativet er at nokon knyttar kontaktar til den lokale kyrkjelyden, til dømes tilsette eller frivillige som arbeider i fengsla.

Kva kyrkjelyden konkret kan gjere, vil variere etter kva behov det er snakk om. Eg har tidlegare peika på fleire av problemområda som er aktuelle. Ei mor med småbarn som får ektefella i fengsel for ei periode, vil kunne ha behov for hjelp til praktiske gjere-mål, barnevakt, moralsk støtte og fellesskap i ei vanskelig tid. Innsette som er kristne, kan få tilbod om å verte med i ei smågruppe i kyrkjelyden. Det vil då i neste omgang verte lettare å kome inn i storfellesskapet i kyrkjelyden. Er det vansker med å finne bustad, vil det kanskje vere nokon i kyrkjelyden som har noko å tilby eller som kjenner nokon som har.

Når det gjeld innsette med rusvanskar som har meir komplekse problemstillingar, bør ein vurdere eit større opplegg med etablering av støttegruppe/nettverksgruppe på 5-6 frivillige. Gruppa bør ha ein leiari, med regelmessige møter der ein saman med den eks-innsette lagar planar og målsetjing for tida som kjem. Som frivillig vil ein då ikkje oppleve å stå åleine med oppfølgingsansvaret, men ein kan dele erfaringar i gruppa og saman finne løysingar på problem som oppstår undervegs. Gruppa bør samarbeide med det offentlege hjelpeapparatet og gjerne vere tilknytt fagfolk som kan bidra med råd og vegledning. Når grupppa består av frivillige, må ein vere realistisk i forhold til kva gruppemedlemene skal bidra med. Sjå stort på dei små sigrane også, det handlar oftast om å gå eit steg om gongen. Gruppa skal



tema

vere eit supplemeent og ikkje ei erstatning til det of-fentlege. Fellesskap og menneskeleg kontakt, støtte og omsorg er det viktigaste bidraget frivillige kan gje. Skal det skje varige endringar for ein tidlegare innsett, er det vedkomande sjølv som først og fremst må ville gjennomføre ei slik endring. Det er lettare å få det til dersom vedkomande har nokon med seg på vegen.

Dette har berre vore nokre få døme på kva kyrkjelyden kan gjere. Eg har tidlegare peika på kulturskil-

nader og handlingar i kyrkjelyden som kan vere til hinder for å ta imot tidlegare innsette. Det er viktig i ord og handling å arbeide for endra haldningar til tidlegare innsette. Enklaste og beste måte å få til halldningsendringar på er å begynne å handle. Når ein møter ein rusmisbrukar og eks-kriminell, så møter ein eit medmenneske, og ein ser kva behov og ressursar vedkomande har. Når vedkomande får eit ansikt, vil ein oppleve at biletet ikkje er svart-kvitt eller skremande og ukjent. ■

Fengselsdiakonen, en brobygger

Indremisjonsselskapet ønsker å satse mer på diakoni, og har i den forbindelse opprettet en ny stilling som henvender seg mot en gruppe som til nå ikke har et organisert tilbud. Jarle Klungrehaug tiltrådte stillingen som fengselsdiakon 3. februar i år.

AV NILS-TORE MOSVOLD

Den nyopprettede stillingen er i første omgang en prosjektstilling, finansiert av statlige tilskudd, men er ønsket som et permanent alternativ til det allerede eksisterende tilbudet innen kriminalomsorgen. Stillingen inneholder flere oppgaver, men Jarle Klungrehaug ønsker å satse spesielt på to felt. Tradisjonelt fengselsarbeid i fengselet er det ene, og det andre er et direkte klientrettet arbeid med tanke på ettervern og oppfølging når den innsatte løslates.

Et supplement, ikke en konkurrent

Jarle Klungrehaug har brukt den første tiden som fengselsdiakon til å opprette kontakt med naturlige samarbeidspartnere innenfor murene. Fengselspresten er en naturlig person å knytte kontakt med, og i de fengslene hvor ikke en slik stilling eksisterer er det sosialkonsulentene som blir det naturlige bindeledd. - Det er viktig at dette prosjektet og annet frivillig arbeid ikke blir sett på som konkurrenter til allerede eksisterende arbeid, men

som et tillegg og aktører i et omfattende samarbeid, sier Klungrehaug.

Nettverk

Å skape nye nettverk for en eksfange er et forsøk på å hindre at vedkommende faller tilbake til de kriminelle miljøene. Dette tilbudet er et viktig satsingsområde for Jarle Klungrehaug, og mye av fengselsbesøkene hans går med på å gjøre dette kjent for de innsatte. Slike nettverk kan bestå i alt fra integrering i lokale menigheter til deltakelse i bridgeklubb. Noe av poenget er å ta utgangspunkt i vedkommendes ønsker og interesser for senere å tilrettelegge dette på best mulig måte. En egen nettverksgruppe er også avgjørende i en oppfølgingsperiode. Dette er personer fra ulike miljøer og sammenhenger som sammen med eksfangen møtes for å prate om tilværelsen utenfor murene. - Det er et stort apparat som må settes sammen og som må fungere. Min stilling alene kan hjelpe ca. fem mennesker i året, noe som selvfølgelig er alt for lite hvis man ser på hvor stort behovet for slik hjelp er. Men rent samfunnsøkonomisk er mye penger spart hvis en og kanskje to av disse personene integreres i samfunnet på en verdig måte. Jeg håper likevel at øynene sperrer opp for at behovet for ressurser til å ta seg av denne biten innen kriminalomsorgen er enorm, sier Jarle Klungrehaug, som mener at hvert bispedømme bør vurdere behovet for en lignende stilling. ■